

**VEDTEKTER FOR
ÅRDAL UTVIKLING**

§ 1

Stiftinga sitt namn er: **ÅRDAL UTVIKLING**

§ 2

Stiftinga sitt forretningskontor er i Årdal kommune.

§ 3

Stiftinga har som oppgåve å vera tiltakskontor/næringssselskap for Årdal.

Stiftinga skal:

- legge fram ein strategisk plan for tiltaksarbeidet
- arbeide for nyetableringar i Årdal
- hjelpe dei eksisterande verksemdene i Årdal
- samordna arbeidet omkring felles problemløysing for verksemdene i Årdal
- gje tilråding til Årdal kommune på søknader om bruk av næringsfond

Stiftinga kan :

- gje/formidle konsulenthjelp
- ta på seg sekretærarbeid for næringsssamskipnaden
- tilsetja personale

§ 4

Stiftinga sin grunnkapital er på minst 1. mill. Grunnkapitalen kan utvidast dersom fylkeskommunen - statlege styresmakter eller andre går inn i stiftinga.

Stiftinga sin kapital skal plasserast i lokale bankar.

§ 5

Stiftinga skal ha eit styre med 5 medlemmer. Desse skal ha personlege varamedlemmer.

Styret skal veljast av Årdal kommunestyre.

Staten/fylkeskommunen har høve til å velja til saman 2 medlemmer med varamedlemmer dersom dei går inn i stiftinga med kapital.

Styremedlemmane vert valde for 2 år.

§ 6

Leiaren i styret eller to styremedlemmer teiknar Stiftinga. Styret kan gje prokura.

§ 7

Styret er avgjerdsdyktig når minst halvparten av medlemane er til stades. Til lovleg vedtak krev at minst halvparten av styremedlemane har røysta for det.

§ 8

Årdal kommunestyre tek stilling til om ein skal søke å endre vedtektene etter tilråding frå styret.

§ 9

Stiftinga legg fram årsmelding og rekneskap til handsaming i Årdal Næringsråd og Årdal kommunestyre.

§ 10

Årdal kommunestyre kan søkje om å få oppløyse stiftinga etter tilråding frå styret.

I tilfelle oppløysing bør kommunen ha råderett over stiftinga sine aktiva. Ved eventuell fordeling av desse skal kommunen spesielt sjå etter at dei føremål som er lagde til grunn for verksemda med stiftinga kan førast vidare.

Endra i styremøte 1. april 1986

Godkjent i Årdal formannskap 17.04.86

Godkjent i Årdal kommunestyre 24.04.86

Endra i styremøte 22. november 2001

Godkjent i Årdal kommunestyre 13. desember 2001